

8. soknerådsmøte 2015, 19. august : Referat

Mat: Karl Inge

Sokneråd FOK	Tilstede :	Merknader / Vararepresentant:
Jon Lende		Leiar av soknerådet
Tor Arne Laland	X	
Sigve Klakegg	X	
Karl Inge Lygre	X	Nestleiar
Helen Hetland Mori	X	
Ragnhild Vaage	X	
Venke Ueland		2.vara
Astrid Judith Møller	X	
Stab FOK		
Morgan Fjelde	X	Sokneprest
Ingunn Matre	X	Dagleg leiar

	Delerunde og bønn
--	-------------------

Sak:40-15.	Godkjenning av innkalling . Godkjent med to ekstra saker
Sak:41-15.	<p>Godkjenning av referat frå møte 11. juni . Godkjent utan kommentarer</p> <p>Orienteringssaker :</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Orientering frå stab. Alle ressurser for hausten er på plass, Geir Ådne har ferie til 21.august. Ruben har starta frå 1. august 20 % engasjement som kreativ/ musikalsk leiar . Staben har hatt planleggingsdag på Sola 13. august – god samling. 2. Givertjenesten i juli – kr 112000. Det store bildet på rekneskapet pr mai er at forbrukssiden er OK , men vi ligg ca 10.000 bak budsjett kvar månad på givertjenesten (budsjettet kr 125.000 pr mnd) 3. Referat frå AU Kommentar om vidare prosess med stiftelsen. Det er ikkje rimelig å bruke totalbeløpet for inntekter inn til stiftelsen som grunnbeløp for avgifta på nåværande 7,5 % (vert nå rekna av basisleige). Totalbeløpet inneheld eit stort innslag av dugnad. Ønsker ikkje at at dette skal bli ein stor diskusjon i Fellesrådet. 4. Semesterplan for hausten 2015 – datoar for soknerådsmøter. Vi held på det som er lagt inn i planen for hausten pr nå, 15. september, 20.oktober, 17.november og 15. desember 5. Arbeid med gravlund – SR og Stiftelsen sin rolle. – Viktig at det vert sikra at arbeidet til komiteen har blitt informert til kyrkjevorge. Ingunn avklarar det med Njaal. 6. Arbeid med budsjett-innspel til Fellesrådet. 7. Arbeid i valstyret. Møte på måndag – gjennomføring av valget. Alt er i rute, Ingunn får inn frivillige som valgfunksjonærar. Skal ha forhåndsvalg på FOKUS 4 .september for ungdommer 15 år og eldre som høyrer til soknet. 8. Orientering om første tilbakemelding på TOL-plan frå bispedømmekontoret. Ein del kommentarar som vi skal arbeide med i haust fram mot innlevering 15. desember.
Sak:42-15.	<p>Plan for auke av givertenesta</p> <p>Ta opp att sak 29-15 frå SR-møtet 19. mai.</p> <p>Ber alle om innan møtet å setje opp ei prioritert liste med 10 punkter ein ville ha gjort om vi hadde meir pengar.</p> <p>Alle i SR kom med sine innspel i møtet. Vidare behandling av dette er at alle legg inn sine prioriteringar til møte 15. september.</p>
Sak:43-15.	Vidare samarbeid med Rådgevar i NAMU – Ommund Rolfsen

	<p>Vedtak :</p> <p>Morgan avtaler eit telefon-møte med ham der NAMU-utvalet er med. Der blir det avtala eit møte med soknerådet når dei nye er med</p>
Sak:44-15.	<p>Midlertidliga auke av barnepastor –stilling</p> <p>Ser at på grunn av vidare arbeid med trusopplæringsplanen og også at vi ikkje har fått på plass ett-åring i haust vil det være ein stor fordel å videreføre ei ekstra ramme på inntil 20 % i barnepastor-stillinga.</p> <p>Vedtak :</p> <p>Soknerådet vedtar å ta gjere dette for hausten og tilrår at ei tilsvarande auke vert teken inn i budsjettet for 2016.</p>
Sak:45-15.	<p>Kyrkjeskys</p> <p>Vi har fått ei henvending om ønske om skys til kyrkja. Vi hadde dette tilbudet fram til 2006 utan at det vart brukt.</p> <p>Vedtak :</p> <p>SR ynskjer at det vert lagt på web-sidene at ved behov tar vedkommande kontakt med kontoret. Då er det forutsett at det er laga ein plan for kven som kan ta ansvar for skys dei enkelte søndagane</p>